



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/770-

20. september 2018

Mundalselvi kraftverk i Sogndal kommune - klagesak

Sognekraft AS og grunneigarane v/Aamund Mundal har i brev av hhv. 19.03.2015 og 20.03.2015 klagt på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 27.02.2015 på søknaden om bygging av Mundalselvi kraftverk.

NVE har vurdert klagen utan å finne grunn til å gjere om sitt vedtak, og har sendt over saka til departementet i brev av 31.07.2015.

1. Bakgrunn

Sognekraft AS søkte 01.11.2013 om løyve til å bygge Mundalselvi kraftverk. Kraftverket vil etter justerte planar nytte eit fall på 233 m frå inntaket på kote 348 ned til kraftstasjonen på kote 115. Etter opphavleg plan vil kraftverket ha ei maksimal slukeevne på 2,3 m³/s, som utgjer 211 % av middelvassføringa, og ein installert effekt på 4,8 MW. Årleg produksjon med justerte planar er berekna til om lag 13,2 GWh. Det skal etter planen sleppast ei minstevassføring på 126 l/s i perioden frå 1. mai til 30. september og 63 l/s resten av året.

Det var opphavleg planlagt ein kraftstasjon på kote 93 og overføring av sideelva Botnagrovi. Departementet legg til grunn dei oppdaterte planane i behandlinga av klagen, som i tillegg til justert kraftstasjonsplassering ikkje inneber ei overføring av Botnagrovi.

NVE har kunngjort søknaden og sendt den på høyring. **Sogndal kommune** er positiv til utbygging. **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane** kan med visse justeringar av tiltaket akseptere ei utbygging. **Sogn og Fjordane fylkeskommune** er positiv til utbygging. **Mattilsynet** krev at Mundal vassverk alltid skal ha tilgang på tilstrekkelig vann og at kvaliteten ikkje må bli dårlegare. **Statens vegvesen region vest** har nokre kommentarar knytt til sitt ansvarsområde. **Norsk ornitologisk foreining** er negativ til tiltaket.

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelinga

Saksbehandlar
Steinar Pettersen
22 24 61 39

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag rår i frå utbygging, men meiner ei eventuell utbygging må bli mindre omfattande. **Fjærland reiselivslag og Bygdeutvalet i Fjærland** er positive til tiltaket.

2. NVE sitt vedtak

NVE har samanfatta si vurdering av saka som følgjer i "KSK-notat 26/201 Bakgrunn for vedtak Mundalselvi kraftverk":

"NVE har i sitt vedtak lagt stor vekt på at en utbygging av Mundalselvi kraftverk, som omsøkt, vil føre til en vesentlig reduksjon i landskapsverdiene i Mundalen. NVE vurderer at de tekniske inngrepene som følger med tiltaket i betydelig grad vil forringe opplevelsesverdien av et område som har stor verdi for friluftsliv. Tiltaket vil derfor være i konflikt med OEDs retningslinjer på temaet friluftsliv. NVE mener en utbygging av Mundalselvi kraftverk vil føre til negative virkninger for sjøørretstammen i vassdraget og konsekvensene for anadrom laksefisk har også vært viktig i vurderingen av de totale fordeler og ulemper for Mundalselvi kraftverk.

Samlet sett mener NVE at tiltaket har negative konsekvenser på mange områder. Vi kan ikke se at de foreslåtte avbøtende tiltakene i tilstrekkelig grad og med stor nok sikkerhet vil ivareta verdiene som er knyttet til vassdraget. Selv om tiltaket vil gi positive virkninger gjennom noe økt kraftproduksjon og lokal verdiskaping, mener NVE at disse fordelene ikke oppveier de nevnte ulempene."

3. Klaga

Sognekraft AS og grunneigarane har klaga på NVE sitt avslag på søknaden om Mundalselvi kraftverk. Klagarane meiner NVE ikkje i tilstrekkeleg grad har vurdert tiltak som kan bøte på ulempa ved utbygging, og har lagt for lite vekt på tiltaket si nytte. Grunneigarane meiner òg at tiltaket bør få konsesjon når ein samanliknar det med dei andre småkraftprosjekta som blei vurderte samla i Sogndal kommune.

Departementet siterer her heile klaga frå Sognekraft AS:

«Etter vår oppfatning har ikkje NVE i tilstrekkeleg grad vurdert alternative løysingar eller meir omfattande avbøtande tiltak som vilkår i samband med utbygging av kraftverket.

Saman med grunneigarane, som er svært skuffa over NVE sitt vedtak, vil Sognekraft fremja ei alternativ løysing med meir omfattande avbøtande tiltak. Dette gjeld utbygging utan overføring av vatn frå Botnagrovi, noko som vil auke restvassføringa frå om lag kote 160, betra tilhøva for auren og forbetre landskapsopplevinga. I rapporten «Samla vurdering av småkraftutbygging i Fjærland» utført av Luster Energiverk AS på oppdrag frå Sogndal kommune er Botnagrovi vurdert til -1 medan Mundalselvi er vurdert til 2. Til samanlikning er dei prosjekta som har fått konsesjon vurdert som følgjer i samlerrapporten: Tverrdalselvi 3, Bøyaelvi 2 og Botna 0.

Ein vil også fremja løysinga med alternativ kraftstasjonsplassering på kote 115 i staden for kote 93. Dette vil medføre at om lag 550 m kortare elvestrekning vert påverka av utbygginga, noko som vil betra tilhøva for auren og forbetre landskapsopplevinga.

I sum vil desse 2 tiltaka redusere lengda på røyrgata med 58 %, frå om lag 2.500 m til 1.050 m. Redusert inngrep i naturen i form av vesentleg kortare røyrgate, vil også påverke landskapsopplevinga positivt i høve til opphavleg utbyggingsplan. Årleg middelproduksjon vert redusert frå 15,8 GWh til 13,2 GWh.

Dersom dette framleis ikkje er tilfredsstillande i høve til landskapsopplevinga, kan kraftlinja leggjast som jordkabel deler av dalen langs eksisterande veg.»

Grunneigarane ber i klagen departementet sjå særleg på følgjande punkt:

"1. Som beskrive ovanfor - likskap med vassdrag/dalføre som har fått konsesjon.

2. Det er ingen lokal motstand mot prosjektet, Fjærland bygdautval, Fjærland reiselivslag og Sogndal kommune har alle uttalt seg positivt til tiltaket.

3. NVE skriv følgjande i si vurdering av Fjærlandspakken: "På oppdrag fra kommunen har Luster Energiverk AS utarbeidet en rapport - Samla vurdering av småkraftutbygging i Fjærland - som kommunen legger til grunn for vurdering av småkraftutbygginger. NVE har lagt stor vekt på beskrivelser og verdisettinger i rapporten". Mundalselvi (utan Botnagrovi) er eit av vassdraga som kjem best ut i denne vurderinga med +2 (på ein skala frå -3 til +3), faktisk langt betre enn vassdrag som har fått konsesjon. (Botna 0, Romedøla -1, Lidal 0, Hatlestad 0 og Berge/Bjåstad 1. NVE kan difor ikkje ha teke omsyn til denne rapporten når det gjeld Mundalselvi.

4. Det er allereie i konsesjonssøknaden teke omsyn til tur/friluftsliv ved å legge røyrgata langs eksisterande traktorveg så langt den går og deretter krysse elva og forsetje opp til inntak på motsett side av tursti opp til fjellstølen. Ved å fremje dei 3 avbøtande tiltaka som nemnt ovanfor kjem ein innvendingane vedrørande natur/friluftsliv langt på veg i møte.

5. Anadrom fisk- ved å velje alt. 2 for kraftstasjonsplassering vert det heile 3,8 km med anadrom strekning nedafor. Den biologiske rapporten viser at dei beste gytelassane finst langs denne strekninga. Rapporten om verknader på fisk konkluderer og med at over den planlagde stasjonsplasseringa er det "brukbare, men ikkje gode" gytetilhøve for anadrom fisk. Gytesubstratet vert gradvis dårlegare frå kote 115 og opp mot endeleg vandringshinder. Det er difor litt uforståeleg for oss at denne strekninga på ca. 400 m frå stasjonsalternativ 2 til absolutt vandringshinder ved kote 160 med "ikkje gode gytetilhøve" skal vere avgjerande for fisken når det er 3,8 km med "gode gytetilhøve" nedanfor. Ved å ikkje bygge ut Botnagrovi, vert det og tilført gjennomsnittleg 110 l/s til Mundalselvi ved ca. kote 160.

6. Selskapet Småkraft har i dag konsesjon på bygging av 6 småkraftverk ved Fjærlandsfjorden på til saman 108 GWh. Saman med krafta frå dei 3 kraftverka som har fått konsesjon i Bøyadalen skal produksjonen overførast gjennom ny linje til Grindsdalen i

Leikanger. Me er kjent med at Småkraft ikkje har teke avgjerd om utbygging enno fordi dei vurderer heile prosjektet til å vere i grenseland økonomisk og at dei hadde håpa på større kraftmengde frå Indre Fjærland for å gjere utbyggingane i Fjærlandsområdet lønsame. Ei utbygging i Mundalselvi vil difor innverke positivt på dette, og det undrar oss litt at NVE ikkje ser på den økonomiske heilskapen.

7. Det er i dag eit aktivt jordbruk i Mundalsdalen der 5 av dei 7 fallrettseigarane til elva er heiltidsbønder. Med stadig svekka rammevilkår for landbruket, vil ei utbygging, som gir grunneigarane fallrettsleige, få ein vesentleg innverknad for jordbruket her i framtida."

4. Departementet sine merknader

Løyve til Mundalselvi kraftverk kan bli gitt om "fordelene overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser", jf. vassressurslova § 25, første ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagarane som er naudsynte for å grunngje avgjerda. Departementet kan også ta omsyn til andre forhold som ikkje er tatt opp av klagarane.

Samfunnsnytte og prissette verknader

Mundalselvi kraftverk kan etter føreliggande, justerte utbyggingsplan produsere om lag 13,2 GWh i eit gjennomsnittleg år. Vinterproduksjonen utgjer om lag 19 %. Spesifikk utbyggingspris blir 3,41 kr/kWh, basert på oppdaterte kostnadstal frå søkjar sendt til departementet i brev av 19.02.2018.

Departementet har rekna på noverdien av prosjektet basert på søkjar sine opplysningar om investeringskostnadane, forventa driftskostnadar, produksjon og elsertifikatpris, samt eit utfallsrom for kraftprisen slik NVE har modellert denne fram mot 2030 (høg/lav/basis). Departementet finn at prosjektet har positiv noverdi om ein legg NVE si basisprisbane til grunn ved ei utbygging. Departementet vil peike på at det er stor uvisse knytt til kraftprisutviklinga fram i tid.

Noverdien av prosjektet inngår i departementet si vurdering av prosjektet sine samla fordelar og ulemper. Departementet vil understreke at dei samla verknadene av tiltaket ikkje er avgrensa til dei som ein kan fastsetje prisen på. Tiltaket vil også ha verknader på mellom anna på naturmangfald og landskap. Departementet ser også på desse, og tar stilling til om tiltaket samla sett kan vurderast som samfunnsøkonomisk lønnsamt, gitt uvisse i dei prissette verknadane.

Landskap og friluftsliv

Luster Energiverk AS har i 2006 utarbeidd ei samla vurdering av småkraftprosjekt i Fjærland. NVE har i si vurdering av "Småkraftpakke Sogndal" mellom anna lagt denne rapporten til grunn. Landskapet i Mundalsdalen er fyldig omtalt i NVE sin vurdering av Mundalselvi kraftverk med utgangspunkt i Luster Energiverk sin rapport.

Mundalsdalen er ein open U-dal frå tettstaden ved fjorden opp til tiltaksområdet. Busetnad, gardstun og jordbruksområder utgjer eit "harmonisk heilskap" i nedre del, slik landskapet er

vurdert i nemnde rapport. Vidare opp mot tiltaksområdet er landskapet prega av ei blanding av naturleg og planta skog. Utmarksressursane er nytta til beiting.

NVE har lagt stor vekt på konsekvensane for landskapet ved overføring av sideelva Botnagrovi. Denne overføringa er i klaga frå tiltakshavar tatt ut av prosjektet. NVE vurderer utbygginga av hovudelva til å ha lokale landskapsverknader, men legg vekt på at inngrepa knytt til tiltaket vil vere godt synlege.

Mundalsdalen er i Sogn og Fjordane sin fylkesdelplan "*Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging*" avsett som eit område med nasjonale friluftsinteresser. Dalføret er omtalt som ein innfallsport til Jostedalsbreen nasjonalpark. NVE meiner tiltaksområdet har stor verdi for friluftsliv og at utbygging vil være i konflikt med fylkesdelplanen sine retningslinjer og departementet sine retningslinjer for små vasskraftverk.

Departementet var på synfaring av tiltaksområdet den 13. juni 2018. Mundalsdalen opp til tiltaksområdet har etter departementet sitt syn eit tydeleg preg av landbruksverksemd. I tillegg til dyrka mark og gardsbruk i nedre del, er dalføret prega av beitebruk og planta gran. Det går ein landbruksveg/traktorveg opp til om lag kote 190. Herfrå går det ein god sti opp til Fjellstølen, litt innafor planlagd kraftverksinntak. Frå Fjellstølen og vidare mot nord og vest, utgjer Mundalsdalen eit karakteristisk landskapsrom opp mot Jostefonni. Det er departementet sitt syn at det etter måten er lite ferdsel herfrå og opp til dei høgareliggande fjellområda og Jostedalsbreen nasjonalpark. Departementet er av den oppfatninga at friluftsinteressa i Mundalsdalen i hovudsak er lokale, men legg til grunn at dei også er knytt til dei lokale turistbedrifta i Fjærland.

Stien opp til Fjellstølen går i nokre parti nær Mundalselvi, som går i foss og strie stryk, delvis i juv, på øvre del av utbyggingsstrekninga. På motsett side av elva, der røytraseen er planlagd, har landskapet preg av ei blanding av plantefelt av gran og opphavleg vegetasjon.

I samband med NVE si behandling av søknaden, kom det til uttrykk frå Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane at vassvegen måtte leggjast i tunnel i øvre del. Tiltakshavar har utreda ei slik løysing og lagt dette inn som ein føresetnad i prosjektet. Det er departementet si oppfatning at med eit borhol i øvre del av røytraseen, vil terrenginngrepa knytt til Mundalselvi kraftverk vere moderate etter at overføringa av Botnagrovi er teken ut av prosjektet. Delar av røytraseen vil bli etablert i eit område der det no er granskog. Etter departementet sitt syn, vil ei utbygging ikkje føre til at tiltaksområdet vil skilje seg mykje frå dei omkringliggande områda etter nokre år. Departementet legg til grunn at røytraseen dersom det gis løyve vil måtte lokaliserast slik at den blir minst mogleg eksponert og at den blir tildekt av stadegne massar.

Med dei justeringane av prosjektet som tiltakshavar har lagt fram i klaga og i oversending til departementet av 19.02.2018, er departementet av den oppfatninga at verknadane av Mundalselvi kraftverk for landskap og friluftsliv vil vere akseptable. Storleiken på minstevassføringa vil måtte vurderast nærare av omsyn til landskap og friluftsinteressa.

Akvatisk miljø

Fjærlandsfjorden er ein nasjonal laksefjord, og i tillegg til Mundalselvi har elvene i Bøyadalen og Supphelledalen oppgang av anadrom laksefisk. Mundalselvi har ein bestand av sjøaure. Det er usikkert om det er oppgang av laks.

Det er gjennomført fiskeundersøkingar i samband med at det er søkt om løyve til Mundalselvi kraftverk. Absolutt vandringshinder for anadrom fisk er på kote 160, men mellom kote 140 og 160 er det dårlege gyte- og oppvekstforhold. Den anadrome strekninga har ei lengd på om lag 4,4 km.

I opphavleg søknad var plasseringa av kraftstasjonen på kote 93, og om lag 950 m av anadrom strekning ville bli direkte påverka som følgje av redusert vassføring. Ved kraftstasjonsplassering på kote 115, som det er søkt om i justert utbyggingsplan, vil om lag 400 m av anadrom strekning få redusert vassføring. Justert plan inneber også at Botnagrovi, som har samløp med Mundalselvi ved vandringshinderet på kote 160, vil bidra med høgare restvassføring på anadrom strekning, ein auke frå 51 l/s til 161 l/s rett ovafor kraftstasjonen.

Sognekraft AS har i søknaden om Mundalselvi kraftverk lagt til grunn at det skal sleppast minstevassføring om sommaren på 126 l/s. 5-persentilen for sommarsesongen er 460 l/s. Departementet meiner at omsynet til sjøaure i Mundalselvi er viktig, og at det er ein føresetnad for eit løyve at storleiken på minstevassføringa vil måtte aukast monaleg. Dette vil bli drøfta nærare i merknadane til vilkåra.

Sognekraft AS har lagt til grunn at det skal installerast forbislippingsventil i kraftstasjonen dersom det blir gitt løyve til utbygging. En forbislippingsventil vil redusere risikoen for at yngel strandar nedstraums kraftverket viss kraftverket får ein utilsikta stopp. Kva kapasitet ein forbislippingsventil må ha, vil bli drøfta nærare i merknadane til vilkåra.

Standarvilkåra post 8 gir NVE heimel til å pålegge tiltakshavar å gjennomføre biotopjusterande tiltak for å ivareta nødvendig omsyn til livet i elva. Ved eit løyve må tiltakshavar rekne med å måtte gjennomføre slike tiltak på utbyggingsstrekninga for å unngå at produksjonen av sjøaure i Mundalselvi blir redusert. Departementet viser også til at naturforvaltningsvilkåret, jf. post 5. gir Miljødirektoratet heimel til å pålegge tiltakshavar tiltak, til dømes utplassering av steinar og utlegging av gytegrus, for å avgrense skadar på den naturlege rekrutteringa av sjøaurebestanden. Dette kan i nokon grad også vere aktuelt nedstraums kraftstasjonen. Dei to vilkåra vil vere naturleg å sjå i samanheng med dei tiltaka som kan påleggast i medhald av desse.

Fylkesmannen skal få anledning til å uttale seg om plan for biotopjusterande tiltak før eit eventuelt pålegg blir gitt.

Forholdet til naturmangfaldlova

Reglane i naturmangfaldloven § 7 og prinsippa i same lov §§ 8—12 blir lagt til

grunn som retningslinjer for vedtak etter vassressurslova. Departementet syner i den samanheng til forvaltningsmåla for naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldloven §§ 4 og 5. Disse forvaltningsmåla blir teken i akt ved departementet si behandling etter m.a. vassressurslova.

I tråd med naturmangfaldlova § 8, første ledd, om kunnskapsgrunnlaget, bygger departementets vurdering bl.a. på følgjande:

- Søknad av 01.11.2013 med tilhøyrande rapportar om verknader for biologisk mangfald, og eigen rapport frå fiskeundersøking
- Omtale av revidert utbyggingsløyising i klage av 19.03.2015.
- Innkomne fråsegn
- NVE sin vurdering i KSK-notat nr. 20 og 26 Bakgrunn for vedtak av 27.02.2015
- Søk i aktuelle databaser, som Miljødirektoratets lakseregister

Departementet legg til grunn at det etter § 5 må leggjast vekt på omsynet til sjøaure i Mundalselvi slik at gyte- og oppvekstområder ikkje blir nemneverdig dårlegare som følge av en utbygging. Gitt avbøtande tiltak, vil verknadane for sjøaure av Mundalselvi kraftverk etter departementets syn ikkje vere i konflikt med forvaltningsmåla i naturmangfaldlova.

Departementet slutter seg elles til NVE si vurdering av forholdet til naturmangfaldloven.

Andre forhold

Sognekraft AS har lagt til grunn at tilknytninga til eksisterande nett ikkje skal skje som luftspenn, slik som i opphavleg søknad, men etablerast som nedgraven kabel som i hovudsak skal følgje eksisterande veg i Mundalsdalen. Det er departementet si vurdering at ei slik løyising ikkje vil ha ulempe for fugl, landskap eller andre allmenne interesser.

Mattilsynet opplyser i si fråsegn at det er eit privat vassverk nedstraums tiltaksområdet for Mundalselvi kraftverk. Mattilsynet syner til at vassverket sjølv meiner at vassforsyninga ikkje vil bli rørd av tiltaket, men føreset samstundes at Mundalselvi kraftverk ikkje må føre til at vasskvalitet eller vassmengd blir påverka. Departementet legg til grunn at Mundalselvi kraftverk ikkje vil påverke vassverket.

Oppsummering

Mundalselvi kraftverk vil etter dei justerte planane årleg kunne bidra med om lag 13,2 GWh fornybar energi . Tiltaket vil gi varige inntekter til søkjar, grunneigarane og kommunen, samt positive ringverknader lokalt.

Mundalsdalen har etter måten stor verdi for landskap og i nokon grad for friluftsliv. Dalen er i stor grad nytta til tradisjonell landbruksverksemd og har ikkje eit urørd preg. Inngrep i samband med etablering av Mundalselvi kraftverk vil i liten grad vere synleg utover lokale landskapsverknader. Departementet legg til grunn at ei utbygging av Mundalselvi kraftverk

etter justerte planar og med avbøtande tiltak vil ha avgrensa og akseptabel verknad for landskap og friluftsliv.

Mundalselvi har ei 4,4 km lang anadrom strekning med oppgang av sjøaure. Mundalselvi kraftverk vil redusere vassføringa på om lag 400 m av anadrom strekning. Deler av denne strekninga har avgrensa verdi som gyte- og oppvekstområde. Med avbøtande tiltak som auka minstevassføring, biotopjusterande tiltak og forbisleppingsventil i kraftstasjonen, legg departementet til grunn at verknadane for sjøaurebestanden i Mundalselvi vil vere små og akseptable ved ei utbygging av Mundalselvi kraftverk.

Etter ei heilskapleg vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved bygging av Mundalselvi kraftverk er større enn skadane og ulemper for allmenne og private interesser. Vilkår for å gje konsesjon er soleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

5. Departementet sitt vedtak

Klagene frå Sognekraft AS og grunneigarane blir teken til følgje. Departementet vurderer at tiltaket under visse føresetnader vil gi større fordelar enn ulemper for private og allmenne interesser, jf. vassressurslova § 25.

Det gis løyve til bygging og drift av Mundalselvi kraftverk på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, første punktum.

6. Departementet sine merknader til vilkår og andre forhold

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til energilova

Mundalselvi kraftverk skal etter justerte planar knytast til eksisterande nett i Fjærland via en om lag 4 km lang jordkabel.

Sognekraft AS er områdekonsesjonær og skal i følgje søknaden stå for bygging og drift av tilknyttinga til eksisterande nett. Det vil i tilfelle ikkje vere naudsynt med anleggskonsesjon etter energilova for høgspenntilknytting til 22 kV nett. Etter vilkår i områdekonsesjonen skal områdekonsesjonær leggje fram planar for ny nettilknytting og eventuell forsterkning for kommune, fylkesmann, grunneigarar og andre involverte for fråsegn. Ved usemje om løysingar kan områdekonsesjonær leggje saka fram for NVE som då vil behandle saka som ein anleggskonsesjon.

Verknadane av tilknytingskabelen inngår i departementet si heilskaplege vurdering av planane.

Tiltakshavar har opplyst at dei vil bidra til forsterkning av distribusjons- og regionalnettet i området dersom det er behov for det. Departementet har ikkje gjort ei grundig vurdering av

kapasiteten i nettet. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytning er på plass før byggestart. NVE vil ikkje handsame detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør post 4 i vilkåra for løyvet.

Forholdet til plan- og bygningslova

"Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Det må søkjast til Fylkesmannen om naudsynt avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. Departementet har ikkje myndigheit til å gi vilkår etter forureiningslova.

Forholdet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep gjennomførast i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden svekkast dersom:

"...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet, og*
- *formålet med de nye inngrepene ikke med rimelighet kan oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter."*

Det er departementet sitt syn at Mundalselvi kraftverk har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om avbøtande tiltak for å redusere verknadane for biologisk mangfald. Formålet med tiltaket er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet og bidra til verdiskaping. Departementet meiner at fordelan utbygginga medfører ikkje kunne vært oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar sett frå eit miljøperspektiv. Departementet vurderer vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylte.

Merknader til vilkåra for løyvet etter vassressurslova:

Post 1: Vasslepp

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden:

| | | |
|--|-----|------|
| Middelvassføring | l/s | 1090 |
| Alminneleg lågvassføring | l/s | 63 |
| 5-persentil sommar | l/s | 460 |
| 5-persentil vinter | l/s | 50 |
| Største slukeevne * | l/s | 2190 |
| Største slukeevne i % av middelvassføring | % | 200 |
| Minste driftsvassføring | l/s | 100 |

* Middelvassføringa i Botnagrovi på 110 l/s er trekt frå

Det er søkt om løyve til ei utbygging med største slukeevne på 2,19 m³/s utan overføring av Botnagrovi. Dette utgjør om lag 200 % av middelvassføringa. Det er søkt om slepp av minstevassføring på 126 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 63 l/s resten av året. Søkjar har i grunngjevinga for val av minstevassføring om sommaren peikt på at sommarvassføringa er svært høg pga. smelting frå Jostefonni, og at 126 l/s vil vere tilstrekkeleg for naturmangfaldet i Mundalselvi.

Av omsyn til sjøaure og landskap meiner departementet at minstevassføringa om sommaren må vere større enn kva søkjar har lagt til grunn. Naturleg lågvassføring, slik denne kjem til uttrykk i 5-persentilen, vil etter departementet sitt syn vere eit riktig utgangspunkt ved fastsetjing av minstevassføring. Restvassføringa på anadrom strekning vil også vere eit relevant forhold. Botnagrovi vil ikkje bli rørd av utbygginga, og denne vil auke restvassføringa monaleg samanlikna med opphavleg søknad. Departementet meiner at restvassføringa frå Botnagrova kan trekkjast frå 5-persentilen for sesongen ved fastsetjing av minstevassføring. Departementet fastset at det skal sleppast ei minstevassføring på 350 l/s i perioden 1. mai - 30. september og 63 l/s resten av året. Dette reduserer ifølgje søknaden produksjonen med i storleiksorden 1 GWh.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Teknisk løysing for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi.

For å unngå stranding av fisk i Mundalselvi ved eit eventuelt utfall av Mundalselvi kraftverk, skal det installerast forbisleppingsventil i kraftverket med ein kapasitet på 50 % av kraftverkets maksimale slukeevne. I vurderinga av kva kapasitet ein forbisleppingsventil må ha, legg departementet til grunn at restvassføringa og minstevassføringa ved kraftstasjonen

er relativ stor, og at Mundalselvi får tilsig frå fleire sidebekkar nedstraums kraftstasjonen. Når vassforbruket i kraftverk er mindre enn forbisleppingsventilen sin kapasitet, skal forbisleppingsventilen opne for den vassmengda som går gjennom turbinen ved utfall. Forbisleppingsventilen skal fungere slik at vassføringa nedstraums kraftverket reduserast over so lang tid at fisk ikkje strandar. Forbisleppingsventilen skal koplast til kraftverket sitt styringssystem, og funksjonen skal testast ut før kraftverket setjast i ordinær drift. Det må leggjast vekt på at forbisleppingsventilen får ei utforming og ein funksjon slik at den fungerer etter sin hensikt, og dokumentasjon på dette skal leggjast fram for NVE sitt miljøtilsyn.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det bli sett opp skilt med opplysningar om krav til vasslepp som er lett synleg for ålmenta. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilt.

Departementet vil presisere at start-/stoppkjøring av kraftverket ikkje skal førekomme. Kraftverket skal kjørast jamt og i takt med tilsiget. Dette er primært av omsyn til anadrom fisk.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal føreleggast NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet settast i gang.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam og vassveg kan settast i gang, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassa er bestemmende for sikkerheitskrava som stilles til planlegging, bygging og drift og må derfor være avklart før arbeidet med tekniske planer startar. NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til handsaming før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet i nettet og at kostnadsfordelinga er avklart, jamfør merknadane under avsnittet "Forholdet til energilova".

Departementet synar og til merknadane i vilkåras post 6 nedanfor, om kulturminne.

I tabellen nedanfor blir føringar og krav som ligg til grunn for løyvet summert opp. Det kan likevel førekome at det er gitt føringar andre stadar i departementet si drøfting som ikkje går fram av tabellen. Departementet vil presisere at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

Departementet har gitt løyve på følgjande føresetnadar:

| | |
|-------------------|--|
| Inntak | Inntak skal plasserast på kote 348 slik det går fram av søknaden. |
| Vassveg | Vassveg i øvre del skal etablerast som bora tunnel. Frå borholet ned kraftstasjonen skal trykkrøyret gravast ned og dekkjast til med stadegne masser. Det skal leggjast vekt på at rørtraseen blir lite eksponert. |
| Kraftstasjon | Kraftstasjonen skal ikkje plasserast lågare enn på kote 115. Dette kan ikkje endrast i detaljplan. Det skal etablerast forbisleppingsventil med ein kapasitet på 50 % av kraftstasjonen si maksimale slukeevne. |
| Største slukeevne | Søknaden oppgjer 2190 l/s utan overføring av Botnagrovi. Største slukeevne kan ikkje aukast i detaljplan. |
| Minste slukeevne | 100 l/s. Minste slukeevne kan ikkje reduserast i detaljplan. |
| Turbin | Søknaden oppgjer 1 pelton. Tal turbinar og type turbin kan ikkje endrast i detaljplan. |
| Installert effekt | Opphavleg søknad oppgjev 4,8 MW. Installert effekt kan tilpassast innafor rammene som største og minste slukeevne set. |
| Kraftleidning | Tilknytning til eksisterande nett skal etablerast som jordkabel i/langs eksisterande veg gjennom Mundalsdalen |
| Vegar | Inntak skal etablerast veglaust. Det kan etablerast midlertidig anleggsveg mellom kraftstasjon og tunnelpåhogg. |

Det skal leggjast stor vekt på å tilpasse tiltaket til naturleg terreng og landskap. Dersom det ikkje er oppgjeve spesielle føringar i tabellen over kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planer godkjent av NVE, slik som planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydelig frem ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Pålegg i medhald av denne posten må vere knytt til skader av utbygginga, og kostnadene ved pålegget må stå i rimeleg forhold til tiltaket sine skadeverknader og til nytta av pålegget.

Vilkåret vil vere naturleg å sjå i samanheng med dei tiltak som kan bli pålagt etter vilkåra i post 8.

Post 6: Automatisk freda kulturminner

Departementet føreset at utbygger tar den naudsynte kontakta med fylkeskommunen for å avklare forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det støytast på kulturminne i byggefasen, jf. kulturminnelova § 8.

Post 8: Tersklar m.v.

Tiltakshavar må rekne med at det kan blir gitt pålegg om biotopjusterande tiltak for å redusere konsekvensane for sjøaure. Det skal gis ei naturfaglig vurdering av moglege biotopjusterande tiltak i detaljplan. Fylkesmannen skal få anledning til å uttale seg om plan for biotopjusterande tiltak før eit eventuelt pålegg blir gitt.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Steinar Pettersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Vedlegg: Vilkår for løyvet

Adresseliste

Aamund Mundal
Sognekraft AS

Røysaveien 1

6893

VIK I SOGN

Kopi

Bygdautvalet i Fjærland
Direktoratet for mineralforvaltning
Fjærland Reiselivslag
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Luster Energiverk AS
Mattilsynet
Miljødirektoratet
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Norges vassdrags- og energidirektorat
Norsk Ornitologisk Forening
SFE Nett AS
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sogn og Fjordane Turlag
Sogndal kommune
Statens vegvesen vest
Statnett SF

Vilkår etter vannressursloven § 8 for tillatelse til bygging og drift av Mundalselvi kraftverk i Jølster kommune gitt av Olje- energidepartementet 20.09.2018.

1. Vannslipping

Det skal slippes en minstevannføring på 350 l/s i perioden 1. mai - 30. september, og 63 l/s resten av året. Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevannføring skal hele tilsiget slippes forbi. Kraftverket skal i slike tilfeller ikke være i drift.

Kraftverket skal til enhver tid kjøres etter tilsiget, alle endringer skal skje gradvis, og typisk start-/stoppkjøring skal ikke forekomme.

Det skal etableres måleanordning for registrering av minstevannføring. Dataene skal forelegges NVE ved forespørsel.

2. Bortfall av konsesjon

Konsesjonen faller bort hvis ikke arbeidet er satt i gang senest fem år fra konsesjonens dato og fullføres innen ytterligere fem år jf. vannressursloven § 19 og vassdragsreguleringsloven § 12 nr. 1 tredje ledd. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen med inntil fem nye år. I fristene regnes ikke den tid som på grunn av særlige forhold (vis major), streik eller lockout har vært umulig å utnytte.

3. Konsesjonærs ansvar ved anlegg/drift m.v.

Konsesjonæren plikter å påse at han selv, hans kontraktører og andre som har med anleggsarbeidet og kraftverksdriften å gjøre, unngår ødeleggelse av naturforekomster, landskapsområder, fornminner m.v., når dette er ønskelig av vitenskapelige eller historiske grunner eller på grunn av områdenes naturskjønnhet eller egenart. Dersom slike ødeleggelser ikke kan unngås, skal rette myndigheter underrettes i god tid på forhånd.

4. Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Konsesjonæren plikter å legge fram for NVE detaljerte planer med nødvendige opplysninger, beregninger og kostnadsoverslag for reguleringsanleggene. Arbeidet kan ikke settes i gang før planene er godkjent. Anleggene skal utføres solid, minst mulig skjjemmende og skal til enhver tid holdes i full driftsmessig stand.

Godkjenning av planer og tilsyn med utførelse og senere vedlikehold og drift av anlegg og tiltak som omfattes av denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkes av konsesjonæren.

Konsesjonæren plikter å planlegge, utføre og vedlikeholde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mulig.

Kommunen skal ha anledning til å uttale seg om planene dersom det er avvik av betydning i forhold til det som fremgår av konsesjonssøknaden.

Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over tipper og andre områder som trengs for å gjennomføre pålegg som blir gitt i forbindelse med denne post.

Konsesjonæren plikter å foreta en forsvarlig opprydding av anleggsområdene. Oppryddingen må være ferdig senest 2 år etter at vedkommende anlegg eller del av anlegg er satt i drift.

Hjelpeanlegg kan pålegges planlagt slik at de senere blir til varig nytte for allmennheten dersom det kan skje uten uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget.

Ansvar for hjelpeanlegg kan ikke overdras til andre uten NVEs samtykke.

NVE kan gi pålegg om nærmere gjennomføring av plikter i henhold til denne posten.

5. Naturforvaltning

I

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet

- a. å sørge for at forholdene i Mundalselvi er slik at de stedege fiskestammene i størst mulig grad opprettholder naturlig reproduksjon og produksjon og at de naturlige livsbetingelsene for fisk og øvrige naturlig forekommende plante- og dyrepopulasjoner forringes minst mulig.
- b. å kompensere for skader på den naturlige rekruttering av fiskestammene ved tiltak,
- c. å sørge for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og at overføringer utformes slik at tap av fisk reduseres,
- d. å sørge for at fiskemulighetene i størst mulig grad opprettholdes.

II

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at forholdene for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen forringes minst mulig og om nødvendig utføre kompenserende tiltak.

III

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at friluftslivets bruks- og opplevelsesverdier i området som berøres direkte eller indirekte av anleggsarbeid og evt. regulering tas vare på i størst mulig grad. Om nødvendig må det utføres kompenserende tiltak og tilretteleggingstiltak.

IV

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å bekoste naturvitenskapelige undersøkelser samt friluftslivsundersøkelser i de områdene som berøres av utbyggingen. Dette kan være arkiveringsundersøkelser. Konsesjonæren kan også tilpliktes å delta i fellesfinansiering av større undersøkelser som omfatter områdene som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen.

V

Alle utgifter forbundet med kontroll og tilsyn med overholdelsen av ovenstående vilkår eller pålegg gitt med hjemmel i disse vilkår, dekkes av konsesjonæren.

6. *Automatisk fredete kulturminner*

Konsesjonæren plikter i god tid før anleggsstart å undersøke om tiltaket berører automatisk fredede kulturminner etter kulturminneloven § 9. Viser det seg at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredede kulturminner, plikter konsesjonæren å søke om dispensasjon fra den automatiske fredningen etter kulturminneloven § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner som hittil ikke har vært kjent, skal melding om dette sendes fylkeskommunens kulturminneforvaltning med det samme og arbeidet stanses i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. kulturminneloven § 8 annet ledd, jf. §§ 3 og 4.

7. *Ferdsel m.v.*

Konsesjonæren plikter å erstatte utgifter til vedlikehold og istandsettelse av offentlige veger, bruer og kaier, hvis disse utgifter blir særlig øket ved anleggsarbeidet. I tvisttilfelle avgjøres spørsmålet om hvorvidt vilkårene for refusjonsplikten er til stede, samt erstatningens størrelse ved skjønn på konsesjonærens bekostning.

Konsesjonæren plikter i nødvendig utstrekning å legge om turiststier og klopper som er i jevnlig bruk og som vil bli neddemmet eller på annen måte ødelagt/utlignjengelige.

8. *Terskler m.v.*

I de deler av vassdragene hvor inngrepene medfører vesentlige endringer i vannføring eller vannstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å bygge terskler, foreta biotopjusterende tiltak, elvekorreksjoner, opprensninger m.v. for å redusere skadevirkninger.

Dersom inngrepene forårsaker erosjonsskader, fare for ras eller oversvømmelse, eller øker sannsynligheten for at slike skader vil inntreffe, kan NVE pålegge konsesjonæren å bekoste sikringsarbeider eller delta med en del av utgiftene forbundet med dette.

Arbeidene skal påbegynnes straks detaljene er fastlagt og må gjennomføres så snart som mulig.

Terskelpålegget vil bygge på en samlet plan som ivaretar både private og allmenne interesser i vassdraget. Utarbeidelse av pålegget samt tilsyn med utførelse og senere vedlikehold er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med tilsynet dekkes av konsesjonæren.

9. *Hydrologiske observasjoner, kart m.v.*

Konsesjonæren skal etter nærmere bestemmelse av NVE utføre de hydrologiske observasjoner som er nødvendige for å ivareta det offentlige interesser og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlige.

De tillatte reguleringsgrenser markeres ved faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner.

Kopier av alle karter som konsesjonæren måtte la oppta i anledning av anleggene, skal sendes Statens kartverk med opplysning om hvordan målingene er utført.

10. Registrering av minstevannføring, krav om skilting og merking

Det skal etableres en måleanordning for registrering og dokumentasjon av minstevannføring, løsningen skal godkjennes av NVE. Data skal fremlegges NVE på forespørsel og oppbevares på en sikker måte i hele anleggets levetid.

Ved alle reguleringsmagasin og steder med pålegg om minstevannføring skal det settes opp skilt med opplysninger om manøvreringsbestemmelser og hvordan dette kan kontrolleres. NVE skal godkjenne skiltene utforming og plassering.

De partier av isen på vann og inntaksmagasiner som mister bæreevnen på grunn av reguleringene og overføringene må markeres på kart på opplysningsskilt og merkes og sikres.

For alle vassdrag skal det etableres og opprettholdes hensiktsmessige sikringstiltak av hensyn til allmennhetens normale bruk og ferdsel på og ved anleggene.

11. Etterundersøkelser

Konsesjonæren kan pålegges å utføre og bekoste etterundersøkelser av tiltakets virkninger for berørte interesser. Undersøkelserapportene med tilhørende materiale skal stilles til rådighet for det offentlige. NVE kan treffe nærmere bestemmelser om hvilke undersøkelser som skal foretas og hvem som skal utføre dem.

12. Luftovermetning

Konsesjonæren plikter i samråd med NVE å utforme anlegget slik at mulighetene for luftovermetning i magasiner, åpne vannveger og i avløp til elv, vann eller sjø blir minst mulig. Skulle det likevel vise seg ved anleggets senere drift at luftovermetning forekommer i skadelig omfang, kan konsesjonæren etter nærmere bestemmelse av NVE bli pålagt å bekoste tiltak for å forhindre eller redusere problemene, herunder forsøk med hel eller delvis avstengning av anlegget for å lokalisere årsaken.

13. Varslingsplikt

Konsesjonæren plikter å varsle NVE om navne- og/eller adresseendringer. Ved eventuell overdragelse av anlegget skal NVE godkjenne overdragelsen i forkant.

14. Kontroll med overholdelsen av vilkårene

Konsesjonæren underkaster seg de bestemmelser som til enhver tid måtte bli truffet av Olje- og energidepartementet til kontroll med overholdelsen av de oppstilte vilkår. Utgiftene med kontrollen erstattes det offentlige av konsesjonæren etter nærmere regler som fastsettes av Olje- og energidepartementet.

For å sikre at vedtak i medhold av vannressursloven blir gjennomført, kan den ansvarlige pålegges tvangsmulkt til staten, jf. vannressursloven § 60. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Når et rettstridig forhold er konstatert kan det gis pålegg om retting og om nødvendig pålegges stans i pågående virksomhet, jf. vannressursloven § 59.

Overskrides konsesjon eller konsesjonsvilkårene eller pålegg fastsatt med hjemmel i vannressursloven kan det ilegges overtredelsesgebyr, eller straff med bøter eller fengsel inntil tre måneder, jf. vannressursloven §§ 60a og 63 første ledd bokstav c.